

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim



Velkommen til Fjøn Fjellkyrkje!

Foto: Torhild A. Lie

Kyrkjebakken nr 02 - 2021 - januarmummeret - 50 årgang - nytt stoff innan 11. mars



**KYRKJEBAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## Kyrkjekyss

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Elbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**  
Sokneprest: Trefttid etter avtale  
Kyrkjeveje:

**Bustadtelefonar:**  
Sokneprest Rune Minde 906 95 377  
Kyrkjeveje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

### Redaksjonen

Utgjever: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

Det er veldig usikre tider.  
Det beste er å følge med på heimesida vår eller facebook.

Om du ønsker SMS-varsel om det som skjer i kyrkja så kan du sende namn og nummer til [post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no), eller til Jostein Hauge 404 66 211.»

Søndag 14.mars kl. 19.00  
Gudsteneste


Fredag 19.mars kl. 18.00  
Gudsteneste for alle

Torsdag 01.april  
Skjærtorsdag kl. 11.00

Søndag 04.april  
Høgtidsgudsteneste påskedag

### UTGJEVINGSPLAN

frist 11.mars – ut 25.mars  
frist 15.april – ut 29.april  
first 12.mai – ut 27.mai



## Mellom faste og feiring

Omtrent kvart år på denne tida kjenner eg eit lite stikk av dårleg samvit. Vi er nemleg inne i den tida i kyrkjeåret som vi kallar faste, den perioden mellom oskeonsdag og påske der vi minnest Jesu faste i 40 døger i ørkenen, der han blei freista av Djevelen, og vann over freistinga. Og det er nettopp dette eg ikkje får skikkeleg dreis på. Mange gonger har eg tenkt at i år skal eg prøva å eta mindre, kanskje eit døger eller fleire heilt utan fast føde.... Men nei, eg får det ikkje gjort.

Men faste har jo ikkje berre med det å gjera å avstå frå mat. Hjå profeten Jes. finn vi desse orda (kap.58):

*«Nei, dette er fasta eg har valt:  
Å løysa urettferdige lenker,..  
.....å dela ditt brød med svoltne  
og la hjelpeause og heimlause koma i  
hus.»*

Nokre år har eg då fått tak i Kirkens Nödhjelp si faste-sparebøsse og lagt ned i litt kontantar ein del dagar, men så har det og glidd ut.

Skal vi då berre gi opp, vi som kjenner at vi ikkje får det heilt til, og sei at fastetida har ingen praktisk konsekvens for liva våre? Nei, eg har kome til at eg vil gå ein annan veg, ein dobbel veg:

For det første blei også Jesu læresveinar angripne fordi dei ikkje fasta, og Jesus fridde dei ifrå krav og bod om faste. Den fridomen vi skal få eiga i livet i høve til Gud har vi fått fordi Jesus valde å gå den tunge vegen – for oss. «*Til fridom har Kristus frigjort oss*» står det i Gal. Kap.5. Jesus Kristus har kjempa kampen for vår fridom ein gong for alle, vi skal få sleppa å kjempa den på nyt. Dette er grunnlaget eg får kvila i.

På same tid vil eg lytta til Jesu utfordring om å la denne fridomen få konsekvensar i mitt liv, ikkje for å oppnå liv, men fordi eg allereie har fått livet – i gåve! I same brevet, Galatarbrevet kap.6, skriv Paulus om noko han kallar frukt

*...., Andens frukt: «kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin. Slike ting er ikkje lova imot!»*

Eg vil gjerne leva med ei bøn i denne fastetida om at desse eigenskapane må få eiga plass i livet mitt. Difor tar eg med glede imot utfordringa frå Kirkens Nödhjelp i konfirmantane sin fasteaksjon, ikkje berre å administrera den, men sjølv å la meg utfordra til innsats.

Eg trur det kan vera positivt at fastetida pirkar litt borti samvitnet. Det er mykje verre å ikkje kjenna på samvitsgnag!

Rune Minde



# Austrheim sokn

## Gravlagde

5.februar: Leif Oddvar  
Fonnes f. 1941



## DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

Ønker velkommen  
til gamle og nye kunder.



Vi treffes på Åråshøgda 19.  
Timebestilling: Man- Fre.  
Telefon 56169200/ 95214616

Alla Kurinna

Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



## Panasonic Varmepumper


5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no



Ring døgnvakt:  
**56 35 09 10**  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



# Jan Foss

# Min salme

Då eg fekk spørsmål frå Jostein om å skrive «min salme» vart eg både glad og beæra, men det gjekk ikkje lang tid før eg tenkte, no har du gamle gubbe på snart 85 etter ein gong rota deg ut på djupt vatn! Eg er glad i salmar, men dei gongane eg har prøvd meg på det i kyrkja har toneart vore slik at eg enten syng i fistel eller i kjellaren, så stemma mi etter desse forsøka let som eit gammalt fottrødd orgel med pustevanskar! Då er det godt at Jostein og forsongargruppa tar omsyn og finn gode toneartar. Då kom det seg. Eg er glad i song og musikk, og har sidan eg som guttunge fekk min første gitar likt å spele, syng viser, balladar og på 60-tallet det som dei kalla piggråmusikk, som nokon rynka på nasen av, i eit kjent Shadow band. Men på 90-talet og fram til koronaen slo til spelte og song eg på alders- og sjukeheimar, samt til tango for to på Seniorsenteret. Musikk påverkar så ein får lyst til å «swing» seg. Det er alltid kjekt å sjå når ein drar i gong Husmannspolka på dansen og sjå 70- og 80-åringar trør til og gløymer isjias, gikt og det som verre er, og sprett som yre kviger i vårslepp! Eller når ein på «Heimen» tar den «fyrste song eg høyra fekk», eller «De nære ting». Då kjem minna fram, og det vert felt ei lita tåre. Det er rart med songtekstar, både det som er skrive og ikkje minst det som er mellom linjene i songar som f.eks «**La oss leve for hverandre**». Ei klår oppfordring om å ta vare på kvarandre. Det er mange gode songtekstar som gir grunn til ettertanke, men no har pandemien sytt for at ein har vorte «Song og musikk» arbeidsledig». Ein får håpe at det går seg til og at ein kan komme i gong igjen. Men ein kan lure på om det er som i songen

*Med alle gode ønske om ei godt 2021.*

«Vår Herres klinkekuler», at Vår Herre har mista kloden, men håpar i så fall at Gud leitar og finn oss igjen!

## Vår Herres klinkekuler

*Jeg drømte at vår Herre var en pode  
med reven brok og skrubbsår på hver legg  
Jeg så ham klinke kule med vår klode  
i muntre sprett mot universets vegg  
Han klinket han var glad og det var sommer  
Og solen tente lyn i farget glass.  
Og tusen kloder rislet fra han lommer,  
For i vår Herres lommer er det plass.*

*Og klodene fikk danse, sveve, trille  
til glede for hans hjerte og hans syn.  
Så ble han distraher, og glemte spillet  
En sommerfugl strok vingen mot hans bryn!  
Åh, for en dag å fange sommerfugler!  
Det vakreste av alt han hadde skapt.  
På marken lå Vårherres klinkekuler  
og følte seg alene og fortapt.*

*Omsider kom han trett, som alle poder,  
Når det er kveld og leken har vært sen.  
Han lå på kne og samlet sine kloder.  
Da så han at han hadde mistet en  
“Den lille blå! Den minste av dem alle!  
Han lette under gress og sten og hekk.  
“Og den som var så blank i solefallet!”  
Men morket kom, ogkulen den var vakk.*

*Det var vår egen Jord som var blitt borte,  
og marken lå der nattekald og våt.  
Og Gud gikk hjem og butret i sin skjorte.  
Men jeg kan ikke huske om han gråt.  
Og vi som av den lille jord en båren  
og tror at intet teller uten den,  
vi får drømme at Han leter mer i morgen  
... og håpe at Han finner oss igjen*

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

«Følg med på Facebook eller plakat for eventuelle endringar grunna smittevern»

God bok



*Oppussing av  
gravmonumenter*

Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



# Nye gravplassvedtekter - høyring

Austrheim Sokneråd skal vedta endringar i dei lokale gravplassvedtektena. Dette har samanheng med at soknerådet har vedtatt ei tilråding til kommunestyret om endringar i alle avgiftssatsane våre som handlar om festeavgifter, gebyr for utanbygds gravlegging, stelleavtalar og arbeid utført på gravplassane av eigne tilsette.

I den samanhengen ønsker vi også å foreslå nokre endringar i dei lokale gravplassvedtektena som må ut på høyring. Innbyggjarane vert med dette oppfordra til å koma med innspel til desse endringane. Denne høyringsteksten vert trykt i februarnummeret av Kyrkjebakken, som går til alle husstandane i kommunen, samt at vi legg denne teksten ut på heimesida vår.

Her kjem dei konkrete endringsframlegga som vil krevja høyring:

## FRIPERIODEN FOR NYE GRAVER VERT ENDRA FRÅ 25 TIL 20 ÅR.

Friperiode er den perioden ein har rett på ei fri grav utan å betala festeavgift. Gravplassforvaltninga foreslår no å endra friperioden frå 25 til 20 år. Den viktigaste grunngjevinga for å endra friperioden, er at kistegravlegging no foregår på dei nyaste delane av gravplassen. Her er jordsmonnet annleis enn på dei eldste felta slik at nedbrytinga er langt betre enn det som er tilfellet på dei eldste delane av gravplassane. Då ein i si tid innførte festeavgifter i Austrheim, var gravlegging i dårleg nedbrytbar jord meir vanleg enn det som skjer no. Ein friperiode på 20 år er heimla i gravplasslova. Same friperiode er det også hos gravplassforvaltningane vi samanliknar oss med, t.d Alver og Fedje. Det vil framleis vera nokre få felt på gravplassane på Austrheim og Leirvågen der vi ikkje tillet gjenbruk av kistegraver, grunna nedbrytning som går seint.

Denne endringa gjeld for nye festeavtalar, ikkje for allereie inngåtte avtalar.

## Endring av «foreldingsfristen» frå 75 til 60 år.

I gjeldande gravplassvedtekter er grensa for kor lenge ein får lov til å festa ei grav 75 år. Dette er ikkje ei absolutt grense, sidan det er mogeleg å søkja gravplassforvaltninga om å forlenga festeperioden med ei god grunngjevng. Det same vil også vera tilfelle når vi foreslår å endra tidsfristen frå 75 til 60 år. Den viktigaste grunngjevinga for å gjera eit slikt grep, er å få fleire festarar til å sletta gravminner dei ikkje ønskjer å ta vare på. Reint avgiftsmessig vil det, med etterhald om kommunestyrets godkjenning, skje eit merkbart prisopp

for å festa graver som er eldre enn 60 år. Dermed får ein frigjort areal til gjenbruk av nye graver enten som kiste eller urnegraver. Nyanlegg av gravplassar er kostnadskrevjande. Å bidra til at mest mogeleg areal vert frigjort og til at fleire vel bisetjing og urnegraver, så fører det til at presset på arealeet vert mindre. Elles har vi i drøftingane rundt endringar i vedtekter og avgiftssatsar ei målsetjing om å harmonisera Alver sine avgifter og vedtekter i større grad enn det vi gjer i dag.

Har du synspunkt eller innspel? Du kan senda dette inn til kyrkjekontoret på epost: [post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no) eller pr post: Kyrkjekontoret, Austrheimsvegen 1262, 5943 Austrheim. Fristen er 15.mars 2021.

# Sommarhjelp på gravplassane

Gravplassforvaltninga i Austrheim søker hjelp til slått og anna forefallande arbeid på gravplassane i Austrheim i sommar.

Aktuelt for veke 25 – 30, med høve for å gjera individuelle tilpassingar. Arbeidstid 08.00 – 15.30 i vekedagane. Løn etter tariff.

Vi søker ein arbeidsviljig og sjølvstendig ungdom.

For nærmare opplysningar; ta kontakt med kyrkjeverje Leif Arne Økland på tlf 400 65 231 eller på epost [lo799@kyrkja.no](mailto:lo799@kyrkja.no)



Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utsyrsvarer - Bokhandel/Leikar Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service  
kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens  
spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når  
du får utført service hos oss.

Spor oss gjerne om mer informasjon.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



BoschCarService.no

For everything your car needs.

# Konfirmasjonane vert utsett til hausten

Etter at vi i fjor måtte utsetja konfirmasjonane til siste helgja i august, hadde vi eit håp om at vi skulle få gjennomføra dei som planlagt dette året. I fjor var vi maksimalt heldige med vêret i kombinasjon med lågt smittetrykk. Då fekk vi gjennomført konfirmasjonane med plassbegrensningar, men likevel med plass til omlag 100 personar på kvar gudsteneste. På grunn av desse begrensningane måtte vi ha 3 gudstenester istadenfor 2.

No er vi på nytt inne i ei ny smittebølgje. Heldigvis er det mogeleg å få gjennomført konfirmantundervisninga, i kohortar. Vi har endå ikkje klart for oss korleis vi kan gjennomføra konfirmantleiren. Vi jobbar med nokre alternative løysingar som vi kjem tilbake til. Men no handlar det altså om konfirmasjonsgudstenestene. Faste tidspunkt for konfirmasjonane i Austrheim er siste søndagen i mai. No vert desse utsett til siste søndagen i august. Biskop og prostane har lagt visse føringar for at vi bør utsetja.

Grunngjevinga for utsetjing handlar om at det er alt for usikert korleis smittesituasjonen vil vera når vi er kome ut i april og mai månad.

Konfirmasjonar fører også med seg at slekt og vene reiser på kryss og tvers i landet for å delta i feiringane. Dette kan i seg sjølv vera ein smitterisiko. Vi har drøfta dette med sokneråda på Austrheim og Fedje, og vi har fått eintydige råd om å utsetja på bakgrunn av dei signala som har kome fram.

Det er beklageleg at planar som er lagt for lenge sidan likevel ikkje kan gjennomførast, men vi er komne fram til at vi ikkje har noko anna val enn å utsetja. Med gjeldande planar for massevaksinasjon har vi god tru på at situasjonen vil vera heilt annleis i slutten på august. Dette er trass alt langt sikrare enn å ta sjansen på at vi kanskje kunne klara å gjennomføra i slutten på mai.

**Leif Arne Økland –  
kyrkjeverje.**




# OPEN KYRKJE

Søndag 7.2. var det open kyrkje der kun 10 kunne samlast.

På veggen kunne me lesa fleire ulike bibelvers. Innimellom var det fine salmar som Jostein hadde sunge inn. Rune las litt frå preiketeksten den søndagen, Kristi forklarelsesdag. Då me gjekk heim, kunne me tenna lys i globen.

Det var ein høgtidsam kveld sjølv om berre 10 kunne samlast. Tilbakemeldingane var slik at me gjentok det søndagen etterpå. Jostein deltok med song og musikk, og Rune hadde ei andakt rundt dagens preiketekst. Her fekk me og gjennomføre ei koronavenleg nattverd. Atter ei høgsamtid kveld med 10 deltakarar.



# ÅRÅS BEDEHUS

- Søndag 21. feb kl 11:00. Formiddagsmøte v/Odd Sverre Hove.  
Søndag 7. mars kl 11:00. Formiddagsmøte v/Reidun Skurtveit.  
Søndag 28. mars kl 11:00. Formiddagsmøte v/Christian Skog.  
Søndag 11. april kl 11:00. Formiddagsmøte  
Søndag 25. april kl 11:00. Formiddagsmøte v/Reidun Skurtveit

Årsmøtet vert Tirsdag 9 mars kl 19:00.

Følg med på facebook og websida for evt endringar i møteform som følge av smitte-situasjonen.

Velkommen til samlingane! [www.astrheimindremisjon.no](http://www.astrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.



ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)





# BARNE- OG UNGDOMSARBEIDET PÅ ÅRÅS BEDEHUS

**Det er mykje bra barne- og ungdomsarbeid i Austrheim. Me har lyst til å vise fram noko av dette i Kyrkjebakken. Først ut er Austrheim Indremisjon – Årås bedehus.**

Barne- og ungdomsarbeidet på Årås bedehus



Her er eit rikt og godt arbeid der vi kosar oss saman. Det startar for dei yngste allereie frå dei er 4 år gamle. Då kan dei komme på Ving. Dette er for born mellom 4 år og 4.trinn på skulen. Yngre born kan også komme, men då i følgje med ein voksen. På desse samlingane syng me i lag og høyrer ein av leiarane fortelje kjende bibelforteljingar. Etterpå får barna vere med på ulike hobbyaktivitetar. Å ha Ving har vore veldig uforutsigbart frå gong til gong i år. Det har vore viktig for oss å følge med på smittesituasjonen og bestemme oss for når det er forsvarleg å ha barnelaget. Likevel har vi kjent på

mykje entusiasme blant barn og foreldre, og vi har prøvd å halde på så langt det er mogleg. Før juleferien kunne vi ikkje ha samlingane inne, då flytta vi stolar frå møtesalen ut og ungane møtte opp i tjukke boblejakker. Med fjellveggen som rekvisitt var det jammen spanande å ha om Jerikos fall!

Når du har begynt på 5.trinn på skulen, kan du bli med på Kjellaren. Her har me det kjekt i lag med leik, spel og andakt. Det har vore vanskeleg å ha kjellaren no av fleire grunnar, blant anna at det rett før nedstengninga kom såpass mange at det var vanskeleg å vite om det var forsvarleg å starte opp igjen. Vi prøvde nokre gonger, men har fokusert mest på XL i koronatida.



Dei siste månadane har vi hatt både XL og bibelgruppa X. Her kjem for det meste dei same ungdommane, men på bibelgruppa brukar vi meir tid på andakt og spørsmål.

Vi har mykje fokus på å vere forsiktige i forhold til smitte, og på bibeltimen har vi for eksempel kvart vårt bord, med god plass til mat og bibel. Vi brukar også å gi alle som kjem ein eigen pose med kjeks, slik at ein har nokon forsvarlege snacks medan vi pratar.



Då vi ikkje kunne ha XL på bedehuset, opna det seg for å halde det online, då gjaldt det å vere kreativ! Vi blanda andakter med prat og å spele online spel som «Among us» og «photo roulette». Det var ikkje heilt det same, men det var likevel eit godt fellesskap å ha.

**Kva som skjer på XL forandrar seg frå veke til veke, her er det smart å bli med i facebookgruppa «Kjellaren XL» eller følje instagrammen @kjellaren\_xl**

**Det er usikre tider, så følg med på facebook for oppdateringar. Du er hjartelig velkommen til å vere med!**

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.

**Legevakt 116117**

### Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**KL.08.30 - 15.00.**

Telefontid: **08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.**

## INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

**Helsesøster** tlf. 56 16 82 11

**Jordmor:**

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

## NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:** 56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)